



No startar sikringa av Kvanne ferjekai

Møre og Romsdal fylkeskommune startar på sikringa av Kvanne ferjekai måndag 21. juni. Det blir arbeid seks netter frå kl. 21.15-05.15 i løpet av to veker. Ferja blir innstilt frå kl. 21.15 og resten av kvelden desse dagane.

- Start måndag 21. juni kl. 21.15, arbeidsveka blir avslutta fredag 25. juni kl. 05.15 (fire netter).
- Start søndag 27. juni kl. 21.15, nattarbeidet er ferdig tysdag 29. juni kl. 05.15 (to netter)

I arbeidsperiodane blir siste avgang frå Rykkjem kl. 21.00 med retur frå Kvanne kl. 21.15.

Arbeidet skulle starte i april, men entreprenøren som skulle spunte langs steinfyllinga kom ikkje med mannskap og utstyr til Kvanne som føresett. Fylkeskommunen valte difor å avslutte avtalen. Innhenting av ny entreprenør samtidig som Statsforvaltaren stilte krav om at arbeidet ikkje skulle kome i konflikt med gyting i elva og hekkesesongen for fugl gjorde at sikringa måtte utsettast til slutten av juni.

Deler prosjektet i to

I slutten av juni skal steinfyllinga på den gamle dampskipskaia sikrast. Det blir det brukt vibrolodd for å sette 22 meter lange spuntnåler 18 meter ned i sjøbotnen for å lage ein støttevegg på 30 meter. Sidan den gamle dampskipskaia blir rekna som eit kulturminne blir ikkje støtteveggen synleg over havoverflata. Der blir det stein som i dag.

Får tilbod om overnatting

Spuntinga blir gjort frå flåte og det kan ikkje vere trafikk i sambandet samtidig. Difor blir delar av arbeidet gjort på kveld og natt, i tillegg til at det blir jobba på dagtid.

- Vi har leigd inn ein ekstern konsulent som gjennomfører støyanalyse for arbeidet. Dei som bur innafor sona som får støy over grenseverdiane i regelverket vil få tilbod om overnatting i Surnadal dei nettene vi arbeider. Innbyggjarane på Kvanne får brev om dette, seier prosjektleiar Hallvard Rangnes i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vil merke arbeidet

Mange som bur på Kvanne vil merke arbeidet godt sjølv om bustaden deira ligg utanfor området med støy høgare enn regelverket tillét.

- Vi har stor forståing for at støyen kan opplevast som ei belastning og vil gjere det vi kan for å gjennomføre arbeidet så effektivt som mogleg. Det vil hjelpe å halde ventilar, vindauge og dører lukka dei nettene vi må arbeide, seier prosjektleiaren.

Fylkeskommunen har hatt god dialog med Surnadal kommune og kommuneoverlegen i tillegg til Norsk Hydro i førebuingane.

Ny arbeidsperiode i august

Sikringa av sjøbotnen som skal hindre ytterlegare utvasking frå ferjene startar i slutten av august og

vil vare i to veker. Massen som ligg på sjøbotnen i dag må fjernast og erstattast før 42 betongmadrassar som kvar veg 9,8 tonn blir lagt utover botnen for permanent sikring.

Også da blir det jobba frå kl. 21.15-05.15 fordi det blir jobba frå lekter der ferja vanlegvis legg til. Desse arbeida gir mindre støy, men det blir også gjort ein støyanalyse for dette arbeidet. Om det er bustadar som får støy over grenseverdiane i regelverket, får dei tilbod om overnatting anna stad.

Status for kaia på Rykkjem

På Rykkjem ferjekai er pelinga på kaia ferdig og monteringa av stålkonstruksjonane er i gang. Kaia skal også få nye fenderpanel. Arbeidet her kan gjennomførast utan konsekvensar for ferja.

Kontaktperson i Møre og Romsdal fylkeskommune:

Prosjektleder Hallvard Rangnes, telefon [917 00 579](tel:91700579)